



SANDE KOMMUNE

Sande kommune er ein kystkommune i Møre og Romsdal med om lag 2500 innbyggjarar. Sandesamfunnet inngår i ein felles bu- og arbeidsregion for Søre Sunnmøre med 45000 innbyggjarar. Innanfor reisetid på 30-45 min. har ein tilgang til det ein treng av arbeid, til sjukehus, høgskule, flyplass, handel og opplevingar. Kommunen har eit variert og innovativt næringsliv, med hovudvekt på næringer knytt til den maritime klynga på Sunnmøre. Alt dette med utgangspunkt i unike naturmessige omgjevnader, i oversiktlege og trygge miljø med plass til alle.

Til å leie og samordne den kommunale verksemda søker kommunen no etter ny

RÅDMANN

Ei sentral oppgåve vil vere å utvikle Sande vidare som ein effektiv og serviceorientert kommune, med organisering og fagleg kompetanse tilpassa arbeidsoppgåver og kommuneøkonomi. Kommunen er oppteken av si rolle som samfunnsutviklar og tilretteleggar og ser det som viktig at ny rådmann etablerer gode relasjonar mot næringslivet i kommunen og andre eksterne samarbeidspartar.

Vi ønskjer ein trygg, tydeleg og synleg leiar med god økonomiforståing, som er flink til å tenke heilskapleg og strategisk. Gode kommunikasjonssevner og ein motiverande og samlande leiarstil vil vi også vektlegge. Søkjarar må ha relevant utdanning på høgskule- eller universitetsnivå.

Vi kan tilby løn etter avtale og ein utfordrande leiarstilling i ein organisasjon med mange dyktige medarbeidarar.

Dersom du ønskjer fleire opplysningar om stillinga, kan du kontakte ordførar Dag Vaagen tlf. 97196495 eller Jan Tveit hos Headvisor tlf. 975 39 990. Alle spørsmål til Headvisor vil bli handsama fortruleg.

Om ein søkjar ønskjer søknaden unnateke offentlegheit må dette grunnjevast, og oppmodinga vil bli vurdert i medhald av reglane i offentleglova. Om kommunen ikkje tek oppmodinga til følgje, vil søkjaren bli varsla om dette før offentleggjering av søkjarliste, for då eventuelt å kunne trekke søknaden.

Kortfatta søknad med CV kan sendast kandidat@headvisor.com innan 1.februar 2010.

